


# Planprogram kommuneplan 2021-2033

## Høringsutkast



## 1 Innleiing

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan beståande av arealdel og samfunnsdel med handlingsdel. Då samfunnet er i stadig endring og ytre faktorar påverkar kommunen på kort og lang sikt, er det viktig at kommuneplanen er «levande» og i takt med utviklinga. Planen bør derfor reviderast i kvar kommunestyreperiode.

Kommuneplanen sin samfunnsdel peiker ut mål og strategiar for kommunen si langsiktige utvikling, og gir føringar for politiske satsingsområde. Dette skal sikre at den strategiske planlegginga skjer gjennom kommuneplanen.

Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp. Etter endringane i kommunelova (2018) kan økonomiplanen utgjere handlingsdelen, jf. § 14-4. Vindafjord kommune har vald denne modellen. Dette gjer det mogleg å nytte kommuneplanen direkte som eit strategisk styringsverktøy for oppfølging av dei viktigaste utfordringane for kommunen som organisasjon.

Kommuneplanen sin arealdel viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk (Plan og bygningslova § 11-5). Denne skal sikre ei berekraftig arealforvaltning og sikre effektiv arealbruk, eit miljøvennleg transportsystem, tilstrekkeleg areal for bustadbygging og næringsutvikling, sunne og trygge omgjevnader og gode levekår for alle.

Ved revisjon av kommuneplanen skal ein følgje føringane og prosesskrava som er gitt i plan- og bygningslova §§ 11-12 til 11-15.

I samband med arbeidsprosessen til planprogrammet, blei førebels politisk styringsgruppe avklart med ordførar. Organiseringa av og prosessen med planarbeidet blir lagt fram og vedtatt som ein del av dette planprogrammet. Administrativ organisering av arbeidet er vedtatt av strategisk leiargruppe.

### 1.1 Bakgrunn


Alle kommunar skal ha ein kommuneplan som består av ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel.

Innanfor det kommunale plansystemet er samfunnsdelen dokumentet for langsiktig, overordna og samordnande styring og utvikling av kommunen som samfunn og organisasjon. Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp. Etter endringane i kommunelova kan økonomiplanen utgjere handlingsdelen, jf. §14-4. Vindafjord kommune har valt denne modellen.

#### Kommunal planstrategi

Kommunestyret vedtok kommunal planstrategi 2020-2023 den 22.06.2020. Planstrategien seier at kommuneplanen, både samfunnsdelen og arealdelen, skal reviderast i inneverande kommunestyreperiode.

Ved revisjon av kommuneplanen skal ein følgje dei føringane og prosesskrava som er gitt i plan- og bygningslova §§ 11-12 til 11-15. Dette medfører mellom anna krav om planprogram.



Lovheimel

Plan- og bygningslova § 4.1 seier:

«For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.

*Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten».*

Plan og bygningslova §11-13 seier vidare:

«For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjøres elektronisk tilgjengelig på nett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

*Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegere myndigheten i samsvar med kommunelovens regler. Kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd».*

I følge lovkommentaren til plan- og bygningslova må eit planprogram som eit minimum gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad.

Planprogrammet skal bidra til at planprosessen blir meir oversiktleg, gjennomsiiktig og føreseieleg. Planprogrammet er oppskrifta på korleis kommuneplanarbeidet skal gjennomførast og er eit ledd i varsling av planoppstart.

## 1.2 Formål

Vedtatt planstrategi seier at heile samfunnsdelen skal reviderast og kva revisjonstema som skal vurderast i arealdelen.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er kommunen sitt verktøy for strategisk, overordna, langsiktig og heilskapleg planlegging. Samfunnsdelen skal planlegge både for kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon.

Gjennom arbeidet med planstrategien og planprogrammet er det jobba breidt for å få fram kommunen sine viktigaste utfordringar. Ny kommuneplanen skal svare på korleis me møter desse utfordringane og synleggjere strategiske val kommunen skal ta.

I kommuneplanprosessen vil kommunen utarbeide ein arealstrategi som skal vere bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Den skal gi hovudprinsippa for den langsiktige arealbruken i kommunen og dermed gi føringar for arealdelen. Det er arealdelen til kommuneplanen som fastset arealbruken med juridisk bindande verknad.

Kommuneplanen skal også ha ein handlingsdel. I Vindafjord utgjer økonomiplanen, saman med årsbudsjettet, kommuneplanen sin handlingsdel. Desse skal bygge på mål og strategiar som er vedtatt i kommuneplanen. Det er i handlingsdelen at det blir synleg korleis kommunen som organisasjon skal arbeide og kva tiltak som skal gjennomførast for å nå måla.

Formålet med revisjon av kommuneplanen kan oppsummerast i følgjande punkt:

- Styrke og forankre samfunnsdelen som viktigaste styringsverktøy
- Forankre samfunnsdelen i FN sine berekraftsmål
- Binde samfunnsdelen og arealdelen saman gjennom ein arealstrategi
- Knytte økonomiplanen/handlingsdelen tettare til samfunnsdelen

## 2 Rammer og føringar

Nasjonale forventingar, statlege planretningslinjer og regionale planar m.m. gir rammer og føringar for kommuneplanarbeidet. Kommunen sin eigen planstrategi og andre vedtatte planar legg også føringar for planarbeidet.

### 2.1 Nasjonale føringar

Kvart fjerde år utarbeider regjeringa [nasjonale forventningar](#) til kommunal planlegging for å fremme berekraftig utvikling. Desse forventningane skal leggst til grunn for kommunen sitt arbeid med planstrategi og kommuneplan.

Hovudpunkta i dei nasjonale forventningane er:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål, som Norge har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftsmåla gjeld for perioden 2015-2030.



### Statlege planretningslinjer

I tillegg til forventningar og sentrale lovverk, er det ei rekkje statlege planretningslinjer som gir føringar for den kommunale planlegginga (lista er ikkje uttømmande):

- for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, 2014
- for klima- og energiplanlegginga og klimatilpassing, 2018
- for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, 2011

### Andre nasjonale føringar:

- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga, 2016
- Rikspolitiske retningslinjer for verne vassdrag, 1995
- Nasjonal jordvernstrategi, 2015
- Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga, T-1442, 2016

## 2.2 Regionale føringar

Fylkestinget skal, for kvar valperiode, vedta ein regional planstrategi som peikar på dei viktigaste utfordringane i fylket. Det skal settast langsiktige mål for utviklinga og prioritere regionalt planarbeid. Regional planstrategi har tilsvarande funksjon som kommunal planstrategi innanfor det kommunale plansystemet. Gjeldande regional planstrategi, [«Utviklingsplan for Rogaland 2021-2024»](#), blei vedtatt i fylkestinget 20.10.2020. Langsiktig utviklingsmål og innsatsområde er følgande:

- Klimaomstilling og livskraftige naturmiljø
- Konkurransedyktig region
- Helsefremmande og inkluderande samfunn
- Attraktive lokalsamfunn, byar og tettstadar

Samarbeid og sunn styring av kommuneøkonomien er føresetnader for å nå måla.

Regionalt planforum er oppretta for å sikre samarbeid og tidleg dialog om arbeidet med kommunale planar. I regionalt planforum er både regionale og statlege myndigheiter representert. Kommunen vil melde kommuneplanen inn til drøfting i forumet. På denne måten vil ein søke å redusere talet på motsegner, luke bort konflikhtar på eit tidleg tidspunkt, og få naudsynte avklaringar for det vidare planarbeidet.

Dei regionale planane er førande/retningsgivande for kommunal planlegging. Nokon av desse kan nemnast;

Regionalplan for energi og klima

Regionalplan for klimatilpassing i Rogaland

Regionalplan for Haugalandet (Regionalplan for areal og transport på Haugalandet)

Regionalplan for folkehelse

Regionalplan for kulturminne

Samferdselsstrategi

Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning (UTE-planen)

Regional plan for vannforvaltning i vannområde Rogaland

Jordvernstrategi for Rogaland

## 2.3 Kommunale føringar

Vindafjord kommune sin [planstrategi](#) blei vedtatt 22.06.2020. Det går fram av planstrategien kva planar, strategiar og styringsdokument kommunen skal revidere eller lage nye. Det blei vedtatt at både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen skal reviderast.

Planprogrammet skal tydeleggjere kva denne revisjonen skal innehalde. Andre kommunale planar som er vedtatt og legg føringar for revisjonsarbeidet er følgande:

- Overordna Risiko- og sårbarheitsanalyse, 2019
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, 2015
- Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø, 2018
- Helse og omsorgsplanen, 2020-2025

Utgreiingsarbeid som er gjennomført og vil danne grunnlag for arbeidet med kommuneplanen er følgande:

- Folkehelseoversikten 2020-2024
- Bustadanalysen, 2020
- Sentrumsanalysen for Skjold, 2020
- Friluftslivskartlegginga, 2020

Alle desse dokumenta ligg på heimesida vår. Grunna nye heimesider om få dagar, kan ikkje lenkene leggst inn, men vil bli gjort i ettertid.

## 3 Organisering og prosess

Planprogrammet skal vedtas av kommunestyret. Før det skal tas opp til behandling, skal det sendast på høyring og leggst ut til offentleg ettersyn.

Kommuneplanarbeidet er organisert slik:

<b>Oppdragsgjevar</b>	<b>Kommunestyret</b>
<b>Prosjekteigar</b>	<b>Kommunedirektør</b>
<b>Styringsgruppe</b>	<b>Formannskapet utvida med gruppeleiarane</b>
<b>Prosjektleiing</b>	<b>Kommunalsjef for samfunnsutvikling</b>
<b>Administrativ styringsgruppe</b>	<b>Strategisk leiargruppe</b>
<b>Administrativ arbeidsgruppe for samfunnsdelen</b>	<b>Repr. for strategisk leiargruppe: kommunalsjef for samfunnsutvikling, repr. for oppvekst: skulerådgjevar, repr. for helse og omsorg: einingsleiar rus og psykiatri, einingsleiar kultur og læring, einingsleiar areal og forvaltning og planavdelinga</b>
<b>Administrativ arbeidsgruppe for arealdelen</b>	<b>Repr. for strategisk leiargruppe: kommunalsjef for samfunnsutvikling, einingsleiar Areal og forvaltning, einingsleiar Kommunaltekniske tenester, planavdelinga</b>

### 3.1 Politisk organisering

Kommuneplanen skal vedtas av kommunestyret. Formannskapet utvida med gruppeleiarane er politisk styringsgruppe for planarbeidet. Dei blir orientert undervegs om sentrale problemstillingar og vil få eventuelle prinsippavklaringar til behandling. Det er formannskapet som behandlar og sender planprogrammet på høyring og som behandlar utkastet til kommuneplan og sender det på høyring. Ved endeleg behandling av planforslaget innstiller formannskapet til kommunestyret.

### 3.2 Administrativ organisering

Stratetisk leiargruppe er administrativ styringsgruppe.

Arbeidsgruppene er sett saman tverrfagleg, med ulik representasjon for samfunnsdelen og for arealdelen.

Kommuneplanen vil bli skriven/utarbeida i Framsikt. Dette verktøyet skal sikre samanhengen mellom langsiktig overordna kommuneplan og økonomiplan/handlingsplan. Framsikt som verktøy vil også sikre samanhengen med andre planar i organisasjonen. Mål og strategiar i samfunnsdelen skal kunne "gjenbrukast" i andre planar, t.d. temaplanar. Planen blir digital og kan enkelt publiserast. Det aukar tilgjengelegheita og lettar lesinga for innbyggjarar, allmenta og politikarane. Framsikt som verktøy gjer det også mogleg å samhandle i planarbeidet, ved at det gjennom tilgangstyring vil det bli lagt til rette for samskriving og kommentarar.

For å sikre ei brei forankring i kommuneorganisasjonen, skal det leggjast til rette for gode interne prosessar innanfor dei ulike rammeområda, der fagområda sjølv er ansvarlege for innspel til dei delane av planen som berører deira fagområde.

## 4 Hovudtema for kommuneplanen

I arbeidet med kommuneplanen skal kommunen vektlegge viktige utfordringar knytte til samfunnsutviklinga og synleggjere dei strategiske vala kommunen tar. I arbeidet med planprogrammet har det derfor vore viktige å få fram kva som må vere hovudtema for kommuneplanen.

I planstrategi for er det vedtatt at berekraftsmåla skal vere utgangspunkt for all samfunnsutvikling.

Planstrategien løftar vidare fram tre sektorovergripande tema som skal vere førande for alt me gjer

- Klima og miljø
- Samfunnstryggleik
- Folkehelse og samarbeid

I planstrategien er vårt samfunn sine hovudutfordringar elles vurdert og prioritert.

Planprogrammet bygger på vedtatt planstrategi. I arbeidet med planprogrammet er det vidare jobba fram forslag til nye satsingsområde for samfunnsdelen. Det er også konkludert med at det i samfunnsdelen skal utarbeidast ein arealstrategi som skal vere førande for arealdelen.



## 4.1 Utarbeiding av planprogrammet

I arbeidet med hovudtema for kommuneplanen har det blitt jobba i politisk arbeidsseminar, arbeidsgruppa til kommuneplanen, i leiारforum og i strategisk leiारgruppe. Det er på denne måten sikra god medverknad i utarbeiding av planprogrammet. På grunn av coronasituasjonen har all medverknad og utarbeiding av planprogrammet kravd digitale løysingar og det har vore utfordrande å ikkje kunne sitte fysisk saman og drøfte strategiske satsingsområde og hovudutfordringar.

Dette har vore særleg krevjande i samanstillinga av alle innspela og i drøftinga fram til gode hovudkonklusjonar.

### Prioritering av FN sine berekraftsmål

Alle berekraftsmåla er like viktig i eit globalt perspektiv. Det er likevel slik at det ikkje er mogleg å jobbe med alt samstundes og at det er nokre område der ein kommune har betre gjennomslagskraft enn på andre område.

Av dei 17 berekraftsmåla er det 8 mål som særleg er prioritert gjennom denne medverknadsprosessen. Det er vurdert at Vindafjord-samfunnet og kommunen har størst påverknadsgrad og mogleg måloppnåing innafor desse 8 måla:



Desse 8 berekraftsmåla skal derfor særleg vere førande for kommuneplanarbeidet.

### Hovudutfordringar

Det er jobba vidare med hovudutfordringane i planstrategien for å komme fram til satsingsområde framover. I arbeidet har det vore løfta fram store og små utfordringar. Desse er utfordra politisk, i arbeidsgruppene og til slutt i strategisk leiारgruppe. Dei hovudutfordringar me så langt har komme fram til er:

- Demografisk utvikling
  - Fleire eldre

- Færre i arbeidsfør alder
- Befolkningsnedgang
- Grupper med særskilte behov (barn, unge, rus, psykiatri)
- Integrering
- Kvalitet
- Kompetanse
- Attraktivitet (bu og arbeid)
- Arealdisponering (sentrum – bygdene)
- Desentralisert struktur
- Infrastruktur
  - Reint vatn og gode sanitærforhold
  - Trygge vegar og g/s-vegar
- Klimaendringar
- Berekraftig samfunnsutvikling
- Kriseberedskap
- Frivilligheit
- Samarbeid

Desse utfordringane skal det arbeidast vidare med i kommuneplanarbeidet, men bilde kan endre seg framover og nye utfordringar kan komme til. Kommunen vil styrke og forankre samfunnsdelen sin posisjon som overordna styringsdokument. Mål og strategiar i samfunnsdelen må kommunen som organisasjon følgje opp i handlingsdelen/økonomiplanen. Dei definerte utfordringane er dei same for kommunesamfunnet generelt og for kommunen som organisasjon. Det er likevel slik at utfordringa i den demografiske utviklinga blir vurdert som den mest krevjande utfordringa å løyse for kommunen som organisasjon og tenesteleverandør.

### **Forslag til satsingsområde**

Med bakgrunn i føringane frå planstrategien, prioriteringane av FN sine berekraftsmål og samanstillinga av dei hovudutfordringane me har komme fram til blir følgjande 3 satsingsområde foreslått:

#### **Berekraftig kommune**


#### **Attraktive lokalsamfunn**

#### **Framtidsretta tenester - Gode liv og livslang læring**

Kvart satsingsområde er presentert nedanfor, saman med dei utfordringane som er vurdert som viktigast at dette satsingsområdet skal svare for.

Dei 3 satsingsområda vil gripe inn i kvarandre. Til dømes er ei av dei definerte utfordringane våre den demografiske utviklinga, m.a. med stadig fleire eldre i kommunen. Dette vil ha konsekvensar for alle satsingsområda og vil måtte svarast ut innanfor alle satsingsområda. Planprosessen gjennom medverknad og dialog med berørte vil til slutt vise korleis kommunen prioriterer sine mål og strategiar innanfor kvart av satsingsområda.

Satsingsområda skal me arbeide saman for (både internt i organisasjonen), men også i samskaping med andre aktørar. Det framtidretta arbeidet med satsingsområda i kommande kommuneplanperioden skal bygge på historie og erfaring. Dette kan illustrerast med ein blom.



### **Arealstrategi**

Kor og korleis skal me utvikle tettstadane og bygdene våre og korleis skal me bruke areala våre?

Det er viktig at det er ein samanheng mellom satsingsområde, mål og strategiar i samfunnsdelen og kva areal som blir sett av i arealdelen. Det er viktig at vår bustadutvikling, tettstadutvikling og næringsutvikling følgjer prinsipp som underbyggjer satsingsområda våre.

Dette blei drøfta og diskutert i politisk arbeidsseminar og vidare i den administrative arbeidsgruppa. Det var brei semje om at det skulle utarbeidast ein arealstrategi. Drøftingar og utgangspunkt for prinsipp som skal leggest til grunn i arealstrategi blir tatt med i det vidare arbeidet.

Meir om arbeidet med arealstrategien i eige punkt.

## 4.2 Berekraftig kommune

Dei viktigaste utfordringane som dette satsingsområdet skal svare for, er følgende:


Arealeffektivitet, klimaendringar, bruk og vern av fjord, strandsone og LNF-områda, mobilitet og transport, samfunnstryggleik og beredskap.

Gjennom kommuneplanprosessen skal ein søke å svare på m.a. følgende spørsmål:

- Korleis få eit attraktivt og samstundes berekraftig utbyggingsmønster?
- Korleis planlegge for berekraftig bustadbygging og næringsutvikling?
- Korleis legge til rette for effektiv og miljøvenleg transport?
- Korleis sette ambisiøse og realistiske klimamål for heile Vindafjord?
- Korleis sette klimaarbeidet i system?
- Korleis møte utfordringane knytt til samfunnstryggleik, særskilt med tanke på klimaendringane?
- Korleis legge til rette for ny «grøn» næring?
- Korleis få best mogleg bruk og vern av fjord, strandsone og LNF-areal?
- Korleis ta vare på viktig natur og naturtypar for framtidige generasjonar?
- Korleis sikre viktige friluftsområde for alle?

## 4.3 Attraktive lokalsamfunn

Kommuneplanen skal sette fokus på attraktive lokalsamfunn, illustrert ved attraktivitetstrekanten; buattraktiv, bedriftsattraktiv og besøksattraktiv UTVIKLING.



Slik ein vurderer kommunen i dag er me svake på besøksattraktivitet, middels på buattraktivitet og sterk på bedriftsattraktivitet.

Dei viktigaste utfordringane som dette satsingsområdet skal svare for er følgende:

#### Bu-attraktivitet

Demografisk utvikling; stagnasjon i folketal (Kommunen har overskot av arbeidsplassar, men greier ikkje få folk til å flytte hit.)

Desentralisert struktur; mange lokalsamfunn med til dels svake senter og eit svakt kommunesenter  
Bustadtilbodet; mangelfullt i nokre av lokalsamfunna, manglande variasjon, bustadtilbod i møte med nasjonale føringar (LNF-formål, strandsone, distriktspolitikk)  
Svake punkt med tanke på infrastruktur

#### Besøks-attraktivitet

Ingen målretta satsing på opplevingar og reiseliv  
Lite målretta kultursatsing  
Svakt kommunesenter  
Ingen målretta bruk av spydspissar  
Bruk av frivilligheit

#### Bedriftsattraktivitet

Omstilling/det grønne skiftet  
Svake punkt med tanke på infrastruktur  
Svakt kommunesenter

Kommuneplanen skal svare på korleis Vindafjord kommune kan bli meir attraktiv for eigne og nye innbyggjarar, besøkande og næringsliv.

Korleis vere ein attraktiv kommune på Haugalandet for eigne innbyggjarar og for innbyggjarar i nabokommunar?

Korleis kan regiondelsenteret Ølen bli ein «motor» for heile kommunen og regionen?

Korleis oppretthalde folketalet i kommunen?

Korleis legge til rette for butadbygging?

Korleis sikre både spreidd utbygging og styrking av sentre?

Korleis legge til rette for næringsutvikling?

Korleis styrke landbruket si rolle?

Korleis skape meir aktivitet innanfor reiseliv?

Korleis styrke frivilligheita og bruke den målretta?

Korleis bygge og utvikle ein offensiv og stadeigen kultur og kulturelle spydspissar?

## **4.4 Framtidsretta tenester - Gode liv og livslang læring**

(Velferd og oppvekst - kommunen sine kjerneoppgåver)

**Dei viktigaste utfordringane som dette satsingsområdet skal svare for, er følgande:**

- Samfunnsutvikling/demografisk utvikling (færre fødde, fleire eldre)
- Kompetanse
- Kvalitet i tenestetilbod
- Samarbeid
- Inkludering, integrering og involvering
- Arbeide smart og innovativt

Kommuneplanen må svare på korleis Vindafjord kan legge til rette for framtidretta tenester slik at innbyggerane får gode liv og livslang læring. Kommuneplanen må m.a. svare på korleis dei store demografiske utfordringane som kjem, vil påverke tenestetilbodet til kommunen, særleg innan oppvekst og helse og omsorg.

- Korleis planlegge for eit meir aldersvenleg samfunn?
- Korleis styrke innbyggerane sine moglegheiter til å meistre eigne liv?
- Korleis legge til rette for helsefremmande miljø og treffpunkt i det førebyggjande arbeidet?
- Korleis legge til rette for gode læringsmiljø?
- Korleis skape trygge og gode oppvekstmiljø?
- Korleis få til effektive og gode tenester i ei stramare økonomisk ramme?
- Korleis sikre kompetanse i offentleg og privat sektor?
- Korleis legge betre til rette for arbeid og aktivitet for alle grupper?
- Korleis bygge kompetanse og infrastruktur knytt til smarte og innovative løysingar?
- Korleis samskape i tenestetilbodet?

## 4.5 Arealstrategi

Det er ei nasjonal forventning at kommunen utarbeider ein arealstrategi som ein del av samfunnsdelen til kommuneplanen, og legg denne til grunn ved revisjon av arealdelen. Revisjonstema for arealdelen er gitt i kommunen sin planstrategi. Desse tema bygger på eit tankesett som kommuneplanarbeidet skal forme til ein arealstrategi.

Arealstrategien skal vere bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen. Den skal gi langsiktige og overordna føringar for arealpolitikken i Vindafjord. Gjennom ein tydeleg arealstrategi skal samfunnsdelen gi føringar for arealdelen. Arealbruken skal vere berekraftig og gjere kommunen attraktiv å bu i, drive næring i og besøke. Det er arealdelen til kommuneplanen som fastset arealbruken med juridisk bindande verknad.

Ei effektiv arealdisponering vil vere viktig å arbeide for i arealstrategien. Nokre omsyn er særskilt viktig i Vindafjord:

Vindafjord kan ikkje seiast å vere ein presskommune. Veksten skjer i hovudsak langs E134 på strekninga frå Skjold til Ølen. For å sikre busetting og aktivitet i dei andre delane av kommunen er det derfor viktig å jobbe for differensiering av arealbruken, og det er behov for planstyrt fleksibilitet.

Kommunen har ni bygder/lokalsamfunn med ulik storleik. I og nær tettstadane skal utbygging skje etter vedtatte reguleringsplanar, men i andre delar av kommunen er det ønskjeleg med større fleksibilitet. Arealdelen må opne for spreidd utbygging i eksisterande bygde område og tettare utbygging i dei større bygdene. Levande bygder og eit styrka Ølen som sentrum er viktig for at Vindafjord skal bli ein attraktiv kommune å bu i og drive næring i. Arealstrategien skal svare korleis dette best skal følgast opp i arealdelen.

Ølen er kommunesenteret, men også definert som regiondelsenter i "Regionalplan for areal og transport på Haugalandet". Tettstaden skal planleggast med sterke sentrumsqualitetar, gode tenestetilbod for heile Vindafjord, tenleg infrastruktur og gode kommunikasjonar.

Landbruksnæringa er ein bærebejelke for utviklinga i bygdene i kommunen. Arealstrategien skal bidra til at næringa gis nødvendige utviklingsmoglegheiter og sikrast gode rammevilkår.

## 4.6 Revisjonspunkt for arealdelen

Revisjonstema for arealdelen er gitt i planstrategien. Kommunen har i tillegg bestemt seg for å utarbeide ein arealstrategi. Denne er meint å følge planprosessen for samfunnsdelen og skal gi føringar for arealdelen.

Førre revisjon av arealdelen var i hovudsak avgrensa til arealformåla bustad, næring og sentrum. Å ha ein oppdatert plan for areal til desse formåla er viktig for utviklinga i kommunen og vil vere tema som i utgangspunktet skal vurderast ved kvar revisjon, også denne.

### Bustadutvikling/tettstadutvikling

Tettstadsutvikling handlar om å utvikle gode bygder og tettstadar i kommunen. For å oppretthalde busettinga i kommunen er det nødvendig med eit differensiert utbyggingsmønster. Ein må tilstrebe å ta omsyn til overordna føringar samstundes med lokalpolitiske mål om å ha levande bygder.

Arealdelen skal vektlegge spreidd utbygging i allereie utbygde område og tettare utbygging i dei større bygdene. Levande bygder og ei styrking av Ølen som sentrum er viktig for at Vindafjord skal bli ein attraktiv kommune å bu i.

Som eit grunnlag for kommuneplanarbeidet har kommunen utarbeida ein bustadanalyse. Det er også utarbeida ein sentrumsanalyse for Skjold. I Ølen er kommunen i gong med eit tettstadprosjekt inkl. eit mogleighetsstudie. Resultata frå desse arbeida er ein del av kunnskapsgrunnlaget ved revisjon av kommuneplanen.

### Landbruk og anna næringsutvikling

Ei av utfordringane ved førre revisjon var å finne areal til bustad- og tettstadutvikling i møte med vern av landbruksareal. Statsforvaltaren har stilt krav om at langsiktig grense landbruk må trekkast opp rundt tettstaden Ølen ved revisjon av kommuneplanen. Kommunen ser også at det er behov for å trekke opp langsiktig grense landbruk rundt tettstadane Sandeid og Skjold.

Landbruksnæringa har i alle år vore ein berebjelke for utviklinga i bygdene i kommunen. Næringa må gis utviklingsmogleigheter og sikrast gode rammevilkår.

Vindafjord er ein langstrakt kommune med lang kystlinje. Bygdene har sine spesielle kvalitetar som skal nyttast meir medvite i planlegginga med tanke på rett verksemd på rett stad og næringsattraktivitet.

Det er god gründerånd i kommunen. Mange har skapt sin eigen arbeidsplass. Nokon av desse veks seg større, medan andre blir verande i mindre målestokk. Tilsaman utgjer dei eit mangfald og ein styrke i kommunen sitt næringsliv. Skaparånda og viljen til å få til noko på eiga hand vil me ta vare på. Det må arbeidast for rammevilkår både for store verksemder, men også gjere det mogleg å starte i det små, om det er tilleggsnæring på garden eller ein handverkar som byrjar med eigne hender heimanfrå.

I samband med høyring av planstrategien, tilrådde Direktoratet for mineralforvaltning kommunen å kartlegge ressurstilgang og behov for mineralressursar ved revisjon av kommuneplanen. Planstrategien seier at dette tema skal tas opp til vurdering ved utarbeiding av planprogrammet for kommuneplanen. Kommunen er einig med DMF i at mineralressursane bør kartleggast, men har ikkje verken ressursar eller kompetanse til å gjennomføre det i samband med revisjon av kommuneplanen. Kommunen bør søkje samarbeidsløysingar med andre kommunar og/eller fylkeskommune i gjennomføring av ei slik kartlegging. Det kan i neste omgang munne ut i ein temaplan/kommunedelplan/interkommunal plan.

### Bruk og vern av sjøområde og strandsone

Bruk og vern av sjøområde og strandsone må sjåast i samanheng. Vindafjord har ei lang kystlinje. Det er ein aktiv bruk av sjøområda i kommunen i samband med fiske, akvakultur, industriell aktivitet, ferdsel og friluftsliv/rekreasjon. Forvaltning av strandsona kan vere utfordrande. Gjennom god planlegging må det leggest til rette for næringsutvikling på rett stad. Men strandsona og sjøareala har også sin verdi som landskap og leveområde for biologisk mangfald. Desse verdiane og allmenta sin bruk skal også sikrast. Samstundes er naust og båtplassar viktige gode for innbyggarane i kommunen. Erfaringar og utfordringar tilseier at strandsona og sjøareal skal inngå i neste revisjon av kommuneplanen.

Det er vedtatt regionale planar som har fokus på havbruk i begge fjordbassenga (Regionalplan sjøareal havbruk, Rogaland fylkeskommune, 2017 og ein Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, 2017). Desse planane gir føringar for forvaltninga av sjøområda som kommunen må ha med seg ved revisjon av kommuneplanen.

Kommunen er med i eit interkommunalt prosjekt (i regi av Rogaland fylkeskommune) med sikte på å utvikle felles kunnskapsgrunnlag og digitale planverktøy for bruk i planlegging av sjøareala. Erfaringar frå dette arbeidet vil bli tatt inn i revisjonen av kommuneplanen så langt det lar seg gjere.

#### Føresegner til arealdelen

Oppdaterte, funksjonelle og juridisk korrekte føresegner til arealdelen er viktige for ei god og føreseieleg forvaltning. Ein heilskapleg gjennomgang og revisjon skal derfor gjennomførast.

#### Gjennomgang av eldre reguleringsplanar

Kommunen har ein del eldre reguleringsplanar som med fordel kunne vore reviderte. Det er og delar av slike planar, der den nyare kommuneplanen syner eit anna arealformål enn reguleringsplanen. I visse tilfelle kan slike gamle planar vere til hinder for ei ønska utviklinga. Dersom ein skal oppheve heile eller delar av reguleringsplanar, krev dette ein planprosess tilsvarande som når nye planar blir laga. Det vil krevje betydelege kommunale planressursar, noko ein ikkje har til rådvelde parallelt med kommuneplanarbeidet. Dette arbeidet kan om mogeleg starte opp i 2023.

## 5 Opplagg for medverknad


God medverknad er nøkkelen til ein god planprosess. Medverknad i planprosessar handlar om enkeltpersonar og grupper sin rett til å delta. Det betyr at befolkninga i kommunen er med på å planlegge framtida si.

Målet med medverknad er å:

- Sikre gode løysingar om tar omsyn til alle sine behov
- Legge til rette for at alle kan komme til orde
- Fremme engasjement og vere ein arena for deltaking i lokaldemokratiet
- Framskaffe eit godt beslutningsgrunnlag

Kommunen vil har aktiv politisk deltaking og nærvær som grunnprinsipp for medverknaden. Erfaring har vist at allmenta lettare kjem på banen når politikarane er til stades. Det gir prosessen meir tyngde og medverknaden kjennest meir reell. Korona-pandemien, og korleis den utviklar seg, vil påverke kva former for medverknad ein kan ha. Pandemien har allereie påverka den medverknaden som er gjennomført i samband med utarbeiding av planprogrammet.





Medverknadstrappa

I planprosessen vil ein legge til rette for open og tilgjengeleg medverknad med størst mogleg grad av medverknad frå alle grupper i samfunnet. Basert på medverknadstrappa vil følgande medverknad leggast til rette for:

### Informasjon

Kommunen vil informere om planarbeidet via lokalaviser, kommunen si nettside og i sosiale media.

Kommunen vil også innhente informasjon, ikkje berre via lovpålagd høyring, men også ved bruk av spørjerundersøking og bruk av andre digitale løysingar.

### Dialog

Kommunen vil legge til rette for medverknad gjennom opne folkemøte, men gjerne med moglegheit for digital deltaking (streaming). Denne forma for medverknad skal supplerast ved bruk av utvalde grupper for å få medverknad frå grupper ein særskilt ønskjer å få på banen.

Medverknaden skal også i stor grad vere knytt til dialog med grendeutvala ut frå same mal som ved førre revisjon. I Vindafjord har alle bygdene eit grendeutval. Dette organet er høyringsorgan i alle saker som berører den aktuelle bygda, også plansaker. Dialogen i kommuneplanprosessen vil legge til rette for at grendeutvala skal delta aktivt og bidra i vurdering og prioritering av innspel som gjeld si bygd.

Det skal også opnast for digitale innspel både til samfunnsdelen og arealdelen.

I tillegg til dette ønskjer kommunen å ta i bruk "gjestebodsmodellen". Innbyggjarane blir invitert til å vere gjestebodsvært. Verten inviterer så venner og kjente til ei privat samling der tema/problemstillingar skal drøftast. Verten skal deretter skrive ei oppsummering av kva gruppa kom fram til og levere til kommunen. Alle som vil kan vere gjestebodsværtar, både næringslivsaktørar, vennegjengar, idrettslag og

andre. Det er også viktig at kommunen engasjerer grupper med spesielle behov. Denne forma for medverknad er avhengig av koronasituasjonen.

Medverknad i høve til regionale myndigheiter vil kommunen søke gjennom regionalt planforum. Kommunen ønskjer avklaringar på eit tidleg tidspunkt i planprosessen, og vil ved behov ha drøftingar med aktuelle aktørar undervegs.

### Samarbeid


I den grad ein legg opp til samarbeid i kommuneplanprosessen, vil det i all hovudsak vere knytt opp til grendeutvala og vurdering av innspel og prioritering i kvar einskild bygd.

## 6 Framdriftsplan

Kommuneplanen bør vere eit styringsdokument for det same kommunestyret som vedtok planen. Det er derfor sett opp ei stram framdrift for revisjon av både samfunnsdelen og arealdelen.

Opphavleg framdriftsplan skulle sikre at heilie kommuneplanen blei revidert innan utgangen av andre valår. Planstrategien blei vedtatt i samsvar med ein slik framdriftsplan. Då verda blei stengt ned som følge av korona- pandemien tok det noko tid å finne alternative arbeidsformer og i starten trudde me at pandemien ikkje ville få så langvarige konsekvensar. Arbeidet med planprogrammet vart derfor utsett fleire gonger.

Revidert overordna framdriftsplan er vist i figuren under:



Detaljeret framdriftsplan

<b>Arbeidsprosess</b>	<b>Behandling</b>
Utarbeiding av forslag til planprogram	November 2020- april 2021
Forslag til planprogram behandlast i formannskapet. Planprogrammet leggest ut til offentlig ettersyn og oppstart av planarbeid kunngjerast.	20. april 2021
Høyring av forslag til planprogram	20. april- 1.juni.2021
Vurdering av innkomne uttalar og ev. innarbeide i forslag til planprogram	Mai-juni 2021
Forslag til planprogram blir endelig behandla og vedtatt i kommunestyret.	22. juni 2021
Utarbeiding av forslag til samfunnsdel og arealstrategi (Arbeid med medverknad og prosessarbeid for samfunnsdel og arealdel, utgreiing og analyse)	2. 3. og 4. kvartal 2021
Behandling av forslag til samfunnsdel og arealstrategi i formannskapet	4. kvartal 2021
Samfunnsdelen leggest ut til offentlig ettersyn	1.og 2. kvartal 2022
Vurdering av innkomne uttalar og ev. innarbeiding i planforslaget	1.og 2. kvartal 2022
Endeleg behandling av samfunnsdelen og arealstrategien	2. kvartal 2022
Utarbeiding av forslag til arealdel (Arbeid med medverknad og prosessarbeid for samfunnsdel og arealdel, utgreiing og analyse)	2. 3. og 4. kvartal 2021
Behandling av forslag til arealdel i formannskapet	1.og 2. kvartal 2022
Arealdelen leggest ut til offentlig ettersyn	1.og2. kvartal 2022
Vurdering av innkomne uttalar og ev. innarbeiding i planforslaget	vår 2022
Endeleg behandling av arealdelen og heile kommuneplanen	haust 2022